



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Julie Marie Andersen, 5557 2355  
Stein Byrkjeland, 5557 2114 / 90 09 36 15

Vår dato  
09.03.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/2851 432.0  
Dykkar referanse

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

### Marin verneplan - fagleg gjennomgang av høyringsdokument

Fylkesmannen i Hordaland sender med dette ut utkast til høyringsdokument for marin verneplan i Hordaland for fagleg gjennomgang og kvalitetssikring hos Miljødirektoratet. I tråd med dokument «T-2/15» *saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova* (§§ 41 – 43), skal denne faglege gjennomgangen vere offentleg og sendast i kopi til fylkeskommune og dei kommunar planane vedkjem.

Vi tek imot kommentarar og møter gjerne opp hos kommunar for nærare gjennomgang dersom dette er ønskjeleg. Vi presiserer likevel at dette *ikkje* er den formelle høyringsrunden. Den kjem seinare – vi har von om at det skjer om kort tid – og dette vil vere det naturlege tidspunktet for å gje innspel og kome med merknader innan fristen som då vert sett.

Vi reknar med at fleire av dei involverte kommunane vil ha ønskje om nærare informasjon om prosessen og moglege konsekvensar av eit eventuelt marint vern. Gje i så fall tilbakemelding til ein av sakshandsamarane, og vi skal i fellesskap finne eit høve og tidspunkt som passar kommunen.

Med helsing

Stein Byrkjeland

assisterande miljøvernssjef

Julie Marie Andersen  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	Austrheim

Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger
Os kommune	Postboks 84	5202	Os
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	Rosendal
Sund kommune	Postboks 23	5371	Skogsvåg